

Gode tilbakemeldingar på arbeidet med turvegen.

28.01.2018



Ein del av turvegen over Dønhaug er rusta opp. Ei justering er det som skal til for at grinda vert lettare å opna.

Uskedal utvikling har motteke gode tilbakemeldingar om det arbeidet som er gjort med turvegen over Dønhaug. Det gjeld knappe 200 meter i grensa til Lie huset og langs steingarden i byte mellom Mange Huglen og Erlend Bjørnebøle. Nokre seier rett nok at den nye grinda er tung å opna. Ei justering vil retta på dette.

Det er Tor Ove Haugland i Haugland Maskin har utført eit solid arbeid med drenering, planering, gruslegging og pakking. Turtraseen har ei breidde som gjer at vegen kan brukast av hest og trille. Grinda er i stål. Etter monteringa har grinda sige litt og med litt stram fjør, kan det for nokon vera vanskeleg med opninga. Uskedal utvikling vil finna ei løysing for dette.

Turvegen over Dønhaug, rundt Neset og båthamna/campingen er den mest brukte turtraseen i bygda. Uskedal utvikling er godt nøgd med det gode samarbeidet ein har med grunneigarane. Det meste av turvegen ligg på privat grunn. Tilrettelegging av turveggar i nærrområde er godt fokehelsearbeid og det let seg gjera å søkja tilskot til slike tiltak.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Frå arbeidet der greiner frå hekken i byte til Liehuset vert skore ned og rydda.